

Referat ungdomsrådsmøte 31.5.23

Tilstades: Bjarthe Notland Tjensvoll, Emilie Engseth Nyhammer, Hannah Oliva Høgmo Breivik, Ingeborg Ervik Strand, Linnea Eiken, Eirik Nitter, Sofie Westre Sjøvik, Marianne Steinsvåg Tollaksvik og Thilde Brendeseter

Politiske fadrar: Siv Linda Vespestad

Ressurspersonar: Lene Borgen Waage (referent) og Marianne Lidal (delar av møtet).

Utkast til nytt regelverk for Bømlo ungdomsråd

Leiar gikk først gjennom evaluering av ungdomsrådsarbeidet, som er laga med utgangspunkt i mentimeter-undersøkinga i møte 24.4.23 (lagt ved i vedlegg 1). Vidare la koordinator fram utkast til regelverk. Følgjande vart trekt fram i diskusjonen:

- Det er viktig å få eit godt system for val til ungdomsrådet. Ungdomsrådet ser at modellen med gruppe som vel ut ungdomsrådet kan vera bra fordi ein då ikkje får ein «popularitetskonkurranse», men samstundes ser dei ein risiko for at det blir vanskeleg å få nok søkjarar frå alle skular. Det kan vera lurt at søknadane kan lagast som siste del av oppstartsseminaret, i workshops på skulane og at gruppa som skal sjå på kandidatar ikkje får namn, men berre fakta frå søknadane. Marianne og Emilie meldte seg som medlemmer i gruppa som skal velja ut nye medlemmer
- Ungdomsrådet diskuterte også kort funksjonstid. Her er dette løyst ved at ein legg vekt på ei fordeling mellom erfarne og ikkje-erfarne medlemmer, men det er ikkje automatikk i to år. Slik sikrar ein at dei som er med er motiverte.
- Det er viktig med ein koordinator som følgjer ungdomsrådet.

Førebuing Bergenstur

Det viste seg å bli for krevjande å laga ei samling for alle ungdomsskule- og vidaregåande elevar i Bømlo. I staden ønskjer ein at alle som har delteke i ungdomsrådsarbeid i 22/23 blir invitert til å delta på ein tur til Bergen 15.6. Her vil ein mellom anna besøkje forandringshuset i Bergen for inspirasjon til vidare arbeid med møteplassar.

Førebuing møte med kvalitetsutvalet 2.6 kl 12-13

Bømlo ungdomsråd har fått følgjande invitasjon:

Jeg henvender meg til dere på vegne av [Utvalget for kvalitetsutvikling i skolen](#) som nå jobber med å vurdere tiltak for å videreutvikle det eksisterende kvalitetsvurderingssystemet for skolen til et system som legger mer vekt på faglig og pedagogisk kvalitetsutvikling.

Medvirkning er en helt sentral forutsetning for å kunne lykkes med kvalitetsutviklingsarbeid og her er de unge en særlig viktig gruppe. Det vet vi at dere har jobbet med gjennom involverende utviklingsprosesser som Ungdom ved roret, og vi tenker derfor at dere sitter på viktige erfaringer og perspektiver som vi kunne hatt stor glede av å lære fra.

Vi lurer derfor på om det hadde vært mulig å få til et digitalt møte med dere som sitter i ungdomsrådet i Bømlo og UKS i Askøy? Vi vil gjerne høre deres synspunkter på hvordan man best kan involvere og engasjere ungdom i viktig utviklingsarbeid og få gode råd til hvordan vi kan sørge for at dette også kjennetegner det framtidige kvalitetsutviklingssystemet for skolen.

Vi vil sette stor pris på om vi kunne fått til et møte med dere før sommeren om det er mulig, men dette kan vi avtale nærmere når dere har fått vurdert om dere har lyst og mulighet til å bidra.

Takk for deres oppmerksomhet. Vi ser frem til å høre fra dere.

Beste hilsen

Linus C. S. Helle

Sekretariatsmedlem

Møtet blir i formannskapssalen på Teams med Askøy og sekretariatet 2.6 kl 12-13. Ungdomsrådet diskuterte kort kva som kan vera aktuelt å løfta fram.

Førebuing politikarmøte

Jf. Møte 24.4 har ungdomsrådet invitert dei politiske partia til møte. Innleiingsvis i møtet kjem medforskarane frå [Unge mulighet til å medvirke: En samskapt studie av ungdoms deltagelse og engasjement i norske kommuner](#) (Tuva Lodden og Karina Kallevåg) til å seie litt om konklusjonane frå dette arbeidet. Leiar heldt så ei kort innleiing om kva ungdomsrådet har jobba med i år, før ungdomsrådet lagar Q & A med spørsmål til kvart av temaa som ungdomsrådet har engasjert seg i. Politkarane får spørsmåla utdelt, fem minutt for å førebu seg og så 30 sekund taletid på kvart spørsmål for å svara. I førebuinga av spørsmåla gikk politisk faddar på gangen for ikkje å få spørsmåla før dei andre politiske deltakarane.